

# ÅRSPLAN FELLE BARNEHAGE OG SFO BARNEHAGEÅRET 23/24

---



# Innhald

---

Velkomen til Felle barnehage.....	3
Pedagogisk grunnsyn.....	4
Hovudmål for barnehagane.....	5
Delmål.....	6
Liv og røre –prosjektet.....	7
Tryggleiksirkelen/ COSP.....	8
Nissedal kommune –Ein trafikksikker kommune.....	9
Når nye barn byrjar i Felle barnehage.....	10
Overgang barnehage-skule.....	10
Samarbeid med heimen.....	11
SFO –tilbod i Fjone barnehage.....	12
Barnehagen skal fremje læring.....	13
Barnehagen skal fremje danning.....	13
Progresjon.....	14
Barns medverknad.....	14
Evalueringsarbeid.....	15
Litteraturliste.....	15

# Velkommen til Felle barnehage

---

*"Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver" er retningsgivende for alle barnehagane i Norge.*

Med utgangspunkt i Rammeplanen skal vi kvart år utarbeide en årsplan som konkretiserer arbeidet i vår barnehage.

Årsplanen skal være

- ◆ Ein arbeidsreiskap for personalet og styre verksemda i ein bevisst og uttala retning
- ◆ Eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen
- ◆ Grunnlag for kommunens tilsyn med barnehagen
- ◆ Informasjon ut om barnehagens pedagogiske arbeid

Felle barnehage har SFO tilbod for elevar på Tveit skule.

Årsplanen er fastsett av samarbeidsutvalet (SU).

Desse er med i SU: (vararepresentantar i parentes)

Foreldrerepresentant:

Personalrepresentant:

Eigar er representert gjennom styrar (Natalie) som òg fungerer som sekretær for utvalget.

# Pedagogisk grunnsyn

## «Det viktigaste er å få leike»

Denne haldninga skal prege tankane våre både i planleggingsarbeid og når vi er saman med barna i kvardagen

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Alle barn skal bli invitert med i leik. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen ska bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik– åleine og saman med andre.

### For å ivareta ta dette må personale:

- ♦ Organisere tid og rom og ha tilgjengeleg ulike typar leikemateriell
- ♦ Vere med på å gje barna felles erfaringar slik at dei får eit grunnlag som gjer at dei kan delta i leik med kvarandre
- ♦ Hjelp, rettleie og støtte barn som treng det i leiken
- ♦ Vere aktive og deltakande i leiken, vere bevisst si eiga rolle
- ♦ Ta initiativ og sette i gong leik slik at alle aktiv får bidra og vere med i leiken





# Hovudmål for barnehagane i Nissedal kommune

---

## «Leik for alle»

Dette hovudmålet skal vi jobbe ut i frå og mot, både i arbeidet med barna og i personalsamarbeidet..

For oss betyr «Leik for alle»:

- ◆ At personalet skaper eit miljø, som er godt og trygt for både barn og vaksne
- ◆ At barna sin meining blir tatt på alvor
- ◆ At dei vaksne har kunnskap om leik og barnas utviklingsnivå

Barnehagen sitt verdigrunnlag:

*«Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng» (KD 2017)*

Rammeplanen seier fylgjande om leik:

*«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.» Rammeplanen*



# Delmål

---

## **«Vi vil legge til rette for leik og aktiviteter hvor alle kan delta uavhengig av alder og utviklingsnivå»**

For å kunne oppnå disse delmåla vil personalet bla.:

- ♦ ***Bruke naturen som leikearena aktivt***
- ♦ ***Legge til rette for song, musikk, eventyr og lesestunder***
- ♦ ***Legge til rette for fysisk aktivitet gjennom leik***

## **«Vi vil legge til rette for gode leikemiljøer»**

For å kunne oppnå disse delmåla vil personalet bla.:

- ♦ ***Legge til rette for leik ut i frå barnas interesser.***
- ♦ ***Legge til rette for leikemiljø som innbyr til ulike type leikformar, til dømes rolleleik, konstruksjonsleik og fysisk leik***
- ♦ ***Lage leikemiljøer som innbyr til felles glede***

*«Leiken har mange uttrykksformer og kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder og språkleg og kulturell ulikskap. Eit leikefelleskap legg grunnlaget for vennskap. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meiningsfullt»*


Rammeplanen s. 25




## Implementering og vidareføring av prosjektet «Liv og røre»

Liv og røre prosjektet som me har vore ein del av gjennom Telemark og Vestfold fylkeskommune er nå avslutta. Barnehagene i Nissedal kommune velgjer allikevel å vidareføre prosjektet i kvar enkelt barnehage. Prosjektet har vore nyttig i form av bevisstgjeringskring haldningar til mat og bevegelsesglede.

Felle barnehage har utarbeida eit årshjul for liv og røre som eit arbeidsverktøy for vidare arbeid.



## Circle of security / Tryggleiksirkel



Tyggleiksirkelen gir gode føringar for kva barnet treng av oss.

Me må arbeide for å vere ein "trygg base" som støyr barnet i si utforskertrang, leik og nysgjerrighet og som igjen fungerer som ein «trygg base» som barnet kjem bort til for å få støtte i dette.

Gjennom barnehageåret skal vi bruke trygghetsirkelen, ha det som ein grunnleggande arbeidsmåte i møte med barna.

### COSP / Sercle of security –Parenting

I Nissedal kommune har me 3 sertifiserte COSP rettleiare. Alle foreldre kan få tilbod om COSP ved behov. Men det er inført at alle føresette med barn som er 2, eller fyl-ler 2 år skal få tilbod om rettleiing det året.

Cosp er eit kurs som kan gje verktøy til å forstå betre kva for behov barn har, kva for sig-nal dei gir og kva vi kan gjere for å møte desse behova betre. Målet er at barnet og for-eldre skal få hjelp til å kjenne seg trygg og på den måten stå meir robust i å møte utford-ringar i livet. Kurset skal også bidra til enda betre samspel og relasjon mellom foreldre og barn. Trygghetssirkelen hjelper oss til å sjå kva kvart enkelt barn trenger.



# Nissedal kommune- Ein trafikksikker kommune

---

**Nissedal –  
ein trafikksikker kommune:**

**Nissedal har i året 2022 blitt resertifisert som trafikksikker kommune.**

Nissedal kommune fekk i 2015, som den fyrste kommunen i landet, status som «trafikksikker kommune». Ei slik godkjenning er eit kvalitetsstempel for godt arbeid rundt trafikksikkerheit i kommunen. Trafikkopplæring skal vere ein del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen, og personalet skal vere medviten i si rolle knytt til tema. Det er utarbeida retningslinjer på korleis vi kan unngå ulykker i HMS arbeidet vårt. I samanheng med dette ynskjer vi eit nært samarbeid med foreldra i barnehagen.

Me ynskjer at foreldre er:

- ◆ Medviten på å vere ein god rollemodell for barna
- ◆ At dei sikrar barna forskriftsmessig i bilen
- ◆ At barna alltid går saman med foreldre på parkeringsplassen
- ◆ At porten til barnehagen alltid er stengt
- At bilen ikkje går på tomgang utanfor barnehagen





### **Når nye barn byrjar Felle barnehage**

Når barnet skal byrje i barnehagen er det ofte ei omstilling for både foreldre og barn. Viktige nøkkelord er tryggleik, trivsel og gradvis tilvenning. Gje barnet den tida det treng for å finne seg til rette. Det er veldig ulikt korleis barn tilpassar seg sin nye kvar-dag. Barnehagen skal saman med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Før barnet begynn i barnehagen har heimen og barnehagen ein oppstartsamtale, der ein utveksle informasjon for å bli kjent.

### **Overgang barnehage og skule**

Nissedal kommune har ein plan for arbeidet med barns overgang frå barnehage til skule. Barnehagen skal i sam-arbeid med foreldra og skulen leggje til rette for barnet skal får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og skulefritidsordning.



### **Målet er : Trygg og god skulestart**

Planen skisserar diverse aktivitetar for dei som går det siste året i barnehagen, m. a : førskulegruppe i barnehagen, besøk på skulen, turar og aktivitetar saman med dei and-re barnehagane og 1.kl og førskuledagar.

Planen blir delt ut til dei som har 5-åringar i barnehagen.

Vi har 5-årsklubb for dei barna som går siste år i barnehagen. Dei aktuelle heimane får tilsendte skriv om 5-årsklubben, med informasjon om mål og innhald.

### **Samarbeid med andre instansar**

- ☒ Helsestasjonen
- ☒ PPT (pedagogisk-psykologisk-teneste)
- ☒ Barnevernstenesta

Desse tenestene gjev råd og rettleiing, og hjelper til med å leggje til rette for opplegg.



# Samarbeid med heimen

## Samarbeid mellom heimen og barnehagen

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1.*

Nemningane ”heimen” og ”foreldra ” omfattar og andre føresette. ”Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova § 1 og § 4.

Barnets beste skal alltid vere målet for samarbeid mellom heim og barnehage. Saman har dei eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Foreldresamarbeid skal skje både på gruppenivå og individnivå. To gonger i året er det foreldremøte. Barnehage og heimen har to gonger i året foreldresamtale omkring det enkelte barnet der ein kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til barnet sin helse, trivsel, erfaringar, utvikling og læring. Det skal vere jamleg kontakt om det enkelte barnet.

### «Alle med» observasjons skjema»

Barnehagane i Nissedal kommune nyttar seg av observasjons skjemaet «Alle med» i forkant av foreldresamtalar. Dette skjemaet byggjer på eit bredt læringssyn og tek utgangspunkt i kva barna meistrer. Skjemaet gir eit heilskapleg bilde av barnet sin utvikling og gir også barnehagen høve for å betre kunne leggje til rette dersom ein ser at nokon barn har utviklingsmoglegheiter på ulike utviklingsområde. Det er viktig at dei vaksne som observere barna har kunnskap om kva som er alderadekvant utvikling og «det kompetente blikk»-, ulike opplevingar kan gi ulike tolkingar når vi observerer.

For at vi skal kunne bruke «Alle med» må dykk samtykke inne på VISMA.



# SFO –tilbod i Felle barnehage

Nissedal kommune har tilbud om SFO-plass i Felle barnehage. SFO følger rammeplanen for SFO, som har mykje likt som rammeplanen for barnehagen. Bla. fokuset på leiken, og er i tråd med barnehagens pedagogiske grunnsyn. Liv og røre prosjektet er også i tråd med rammeplanen for SFO.

Barna får tilbud om ettermiddagsmat når dei kjem med bussen på ettermiddagen.

## Delmål for SFO 23/24:

### «Me vil leggje til rette for eit inkluderande leikefellesskap på SFO»

«Det er viktig for oss at elevane gleder seg til å kome på SFO», sitat personalet.

Kva må personalet gjere for å nå dette målet::

- ◆ Personalet skal ha fokus på tryggleik og trivsel
- ◆ Vere autoritative vaksne
- ◆ Legge til rette for leik og aktiviteter som byggjer på elevens interesser
- ◆ Personalet skal vere til stade i leiken

SFO sin rammeplan følger opplæringslova § 13-7 «SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn». ( KD 2021s. 3).





## Barnehagen skal fremje læring

Barn i Felle barnehage skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Når personale planlegg læringsprosessane skal dei bruke barna sin nysgjerrighet og vitelyst som grunnlag for planlegginga. Barna skal få bruke heile kroppen sin og alle sansar i læringsprosessen. Dei skal delta i eit læringsfellesskap saman med andre der dei kan få bidra i si eigen og andre sin læring

### For å ivareta ta dette må personale:

- ◆ Sørgje for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- ◆ eggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- ◆ Støtte barnas erfaringar og sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- ◆ Sørgje for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar
- ◆ Vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- ◆ Støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner

## Barnehagen skal fremje danning

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med på å sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

### For å ivareta ta dette må personale:

- ◆ Leggje til rett for meningsfylte opplevingar og støtte den positive sjølvforståinga til det enkelte barnet
- ◆ Støtte barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- ◆ Synleggjere og verdsetje ulike behov
- ◆ Leggje merke til og anerkjenne og følgje opp barna sine perspektiv og handlingar
- ◆ Invitere barn inn utforskande samtalar og utfordre deira tenking
- ◆ Framheve mangfald og ulikskap, synleggjere og gje barna eit grunnlag for opplevingar, utforsking og læring .

## Progresjon

Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve til leik, aktivitetar og læring.

Gode prinsipp frå Trygghetssirkelen er ein god rettesnor for korleis personale kan arbeide og leggje til rette for det enkelte barnet og fellesskapet

Eittåringen " La meg vere tett innpå, gje meg ei trygg hamn"

Frå 1-2 år: "Forstå meg og støtt meg i ulike kjensler"

Frå 2-3 år: " Hjelp meg i leiken"

Frå 3-6 år: " Fortell meg historier, la meg lære meg nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg

### **For å ivareta ta dette må personale:**

Þ Oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er opptekne av

Þ Planlegge og leggje til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn

Þ Introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar

Þ Sørgje for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr—og gjere desse tilgjengelege for barna

## Barns medverknad

*"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barns skal jevnlig får mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."*

(Barnehagelova §3 Barns rett til medverknad)



## **Evalueringsarbeid**

Vi har avdelingsmøte ein gong i månaden og har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehage år. Heile personalet møtast til felles informasjon og fagleg drøfting. Evaluering av arbeidet vårt skal vere fast sak på desse møta. Vi tek utgangspunkt i målformuleringa i årsplanen og månadsbreva.

Denne evalueringa legg grunnlaget for mål og planar den neste månaden.

Månadsbreva skal innehalde

Kort referat frå førre månad, med evaluering og refleksjonar

Mål for månaden som kjem

## **Litteraturliste:**

Bauer bølgen, Nina. (2018). Digital praksis i barnehagen. Nysgerrig, eksperimentell og skapende. Bergen. Fagbokforlaget

Idsøe, Ella Cosmovici & Roland, Pål. (2018). Mobbeatferd i barnehage. Temaforståelseforebygging-tiltak. Oslo: Cappelen Damm akademiske.

Kunnskapsdepartementet. (1998) Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Kunnskapsdepartementet. (2006) Lov om barnehagar (barnehageloven)

Kunnskapsdepartementet. (2007). Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Udir. <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2021). Rammeplan for SFO: Forskrift om rammeplan for SFO sitt innhald og oppgåver. Udir. <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Løvlie Schibbye, A-L, Løvlie E. (2017). Du og barnet. Om å skape gode relasjonar med barn. Oslo.